

Sak 91/2016: BUDSJETT 2017 – Økonomiplan 2017 - 2020

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 28.11.16

Uttaler frå senior-og funksjonsrådet og ungdomsrådet var distribuert ut via iPad 21.11.2016

Budsjettskjema 1A av 22.11.2016 vart delt ut i møtet.

Før det vart votert i saka:

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fekk permisjon og gjekk frå møtet kl 12.30.

Margunn Y. Samnøy, Sp, fekk permisjon og gjekk frå møtet kl 12.30.

Permisjonane var ikkje meldt. Vararepresentantar var difor ikkje kalla inn.

På vegne av Ap, Frp, H, Krf , SP fremja William Lindborg, Ap, følgjande fellesframlegg:

I høve til budsjettnotatet frå rådmannen vert det følgjande endringar og tillegg:

Investering:

Prosjekt 243 - turveg Skjelbreid - Eikelandsosen - 200.000 i 2017

Nytt prosjekt: Utviding av Stallbrotvegen (frå FV48 til Idrettshallen)

Nytt prosjekt: Asfaltering av veg og ny parkeringsplass til gravplass på Baldersheim skal innarbeidast.

Nytt prosjekt: Kommunal andel til park i Strandvik skal innarbeidast. 350.000 i 2017

Nytt prosjekt: Vegstrekning frå Tveitamarka industriområde mot Samnøy må utvidast.

Nytt prosjekt: Veg/gangveg til gravplass på Åkre og parkeringsplass til kyrkja.

Nytt prosjekt: Delregulering av arealdelen i kommuneplanen 200.000,- pr år

Naustdel

Bustaddel

kjerneområde landbruk

Nytt prosjekt: trafikksikring ved Fusa skule

Nytt prosjekt: detaljregulering i Sævareid sentrum - 150.000 i 2017

Drift:

Kyrkjebuss 60.000,- pr år

SFO til Nore- og Søre Fusa

Tiltak 033: Driftsutgifter ifbm to opptak i barnehage må innareidast i budsjettet. 677.000 i 2017, 1.706.000 i 2018.

I tillegg må politisk nivå få ei sak på status på kommunale vegar i første møterunde i 2017.

Meirkostnadane skal dekkjast inn ved justering av avsetjing til disposisjonsfond.

Følgjande fellesframlegg vart også fremja av varaordførar Magne Djuvik, Frp::

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2017 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2017 – 2020

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2016/2017) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b)

1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2017 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.

2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.

3. Fritak som skal gis i 2017 medhald av eigedomsskattelova § 7:

a. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage og Vinnes Friskule.

b. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.

c. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2017. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2017

a)

NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA – 2017

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Frå 2016 varr inntekt mva. lagt inn i driftsramma. Nettotalet for kontrollutval og revisjon vert difor lågare enn i 2015. Nettoramma 2016 var kr 669.000,-. For 2017 vert ramma vidareført med prisjustering er kr 691 000,-.

Fellesframlegga fremja av William Lindborg, Ap, og Magne Djuvik, Frp, vart samrøystes tilrådd.

TILRÅDING I FORMANNSKAPET 28.11.16

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2017 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2017 – 2020

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsføring løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2016/2017) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

1) Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2017 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.

2) Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.

3) Fritak som skal gis i 2017 medhald av eigedomsskattelova § 7:

a. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage og Vinnes Friskule.

b. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.

c. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2017. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2017

a)

NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA – 2017

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Frå 2016 varr inntekt mva. lagt inn i driftsramma. Nettotalet for kontrollutval og revisjon vert difor lågare enn i 2015. Nettoramma 2016 var kr 669.000,-. For 2017 vert ramma vidareført med prisjustering er kr 691 000,-.

I høve til budsjettnotatet frå rådmannen er følgjande endringar innarbeidd:

Drift:

Kyrkjebuss 60.000,- pr år

* SFO til Nore- og Søre Fusa: 677.000, i 2017 . og 1.706.000,- i 2018.

Tiltak 033: Driftsutgifter ifbm to opptak i barnehage må innareidast i budsjettet. 677.000 i 2017, 1.706.000 i 2018.

Inndekning

Meirkostnadane skal dekkjast inn ved justering av avsetjing til disposisjonsfond.

I tillegg må politisk nivå få ei sak på status på kommunale vegar i første møterunde i 2017.

***Meirkostnadar henta frå rådmannen sitt budsjettnotat side 32.**

NETTO DRIFTSRAMMER 2017-2020

	Einingar + ansvarsområde 15	R-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
1	Samfunnsutvikling, økonomi og service	35 723	35 208	36 640	36 640	36 640	36 640
	Herav: Fusa sokneråd m.m.	3 535	3 485	3 643	3 643	3 643	3 643
	Herav: Fusa frivilligsentral	79	207	572	572	572	572
2	Barnehage	23 245	22 882	26 684	27 714	27 714	27 714
3	Undervisning	63 658	57 795	54 037	54 037	54 037	54 037
4	Helse, familie og velferd	20 917	18 903	20 845	21 057	21 057	21 057
5	Pleie og omsorg	73 064	80 767	85 940	85 940	85 940	85 940
7	Teknisk drift	9 989	4 966	5 897	5 897	5 897	5 897
8	Bjørnefjorden landbrukskontor	1 405	1 443	1 481	1 481	1 481	1 481
SUM NETTO DRIFTSRAMMER		228 001	221 964	231 524	232 766	232 766	232 766

For B-2016 er lagt til grunn revidert økonomiplan pr. sept-16.

Budsjettskjema 1 A	R-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Skatt på inntekt og formue	-95 487	-100 799	-105 248	-105 248	-105 248	-105 248
Ordinært rammetilskot	-124 639	-128 134	-131 647	-124 177	-124 177	-124 177
Skatt på eigedom	-13 459	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230
Andre direkte eller indirekte skattar	-507	0	0	0	0	0
Andre generelle statstilskot	-8 392	-10 830	-22 045	-22 017	-21 989	-21 961
Sum frie disponible inntekter	-242 483	-253 993	-273 170	-265 672	-265 644	-265 616
Renteinntekter og utbyte	-855	-100	-100	-100	-100	-100
Gevinst på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 633	5 608	5 924	6 525	6 920	6 951
Tap på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	9 876	9 729	11 722	11 674	15 357	17 828
Netto finansinntekter/-utgifter	13 653	15 237	17 546	18 099	22 177	24 679
Dekning av tidl års rekneskapsmess. meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Til bundne avsetningar	1 139	663	732	732	732	732
Til ubundne avsetningar	494	4 486	3 662	0	0	0
Bruk av tidl. års rekneskapsmess. mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Bruk på ubundne avsetningar	-980	-403	0	-3 662	0	0
Bruk på bundne avsetningar	-1 208	0	-1 303	-1 303	-1 303	-1 303
Netto avsetningar	-555	4 746	3 091	-4 232	-571	-571
Overført til investeringsbudsjettet	0	843	900	900	900	900
Til fordeling drift	-229 385	-233 166	-251 633	-250 905	-243 137	-240 608
Sum fordelt til drift	226 399	233 167	251 633	252 874	252 874	252 874
Meirforbruk/mindreforbruk	-2 986	1	0	1 969	9 736	12 266

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2017

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke slik det går fram av rådmannen sitt budsjett notat.

V. INVESTERINGSPROGRAM 2017-2020 inkl. tal frå 2014-2016

I høve til rådmannen sitt budsjettnotat er følgjande endringar innarbeidd:

Investering:

1. Prosjekt 243 - turveg Skjelbreid - Eikelandsosen - 200.000 i 2017
2. Nytt prosjekt: Utviding av Stallbrotvegen (frå FV48 til Idrettshallen)
3. Nytt prosjekt: Asfaltering av veg og ny parkeringsplass til gravplass på Baldersheim skal innarbeidast.
4. Nytt prosjekt: Kommunal andel til park i Strandvik skal innarbeidast. 350.000 i 2017
5. Nytt prosjekt: Vegstrekning frå Tveitamarka industriområde mot Samnøy må utvidast.
6. Nytt prosjekt: Veg/gangveg til gravplass på Åkre og parkeringsplass til kyrkja.
7. Nytt prosjekt: Delregulering av arealdelen i kommuneplanen 200.000,- pr år
 - a. Naustdel
 - b. Bustaddel
 - c. kjerneområde landbruk
8. Nytt prosjekt: trafikkisikring ved Fusa skule
9. Nytt prosjekt: detaljregulering i Sævareid sentrum - 150.000 i 2017

Meirkostnadane skal dekkast inn ved justering av avsetjing til disposisjonsfond.

INVESTERINGSPROGRAM 2017-2020

(Alle tal i heile 1 000 kroner. Tala er «2017-kroner».)

Nr	Prosjekt	Totalbehov	2017	2018	2019	2020
20	Hovudplan avlaup	4 000	1 000	1 000	1 000	1 000
30	Hovudplan vatn	6 000	3 000	1 000	1 000	1 000
33	Søre Fusa – snuplass/reg.plan	1 000	1 000	0	0	0
50	PLO og HFV – diverse utstyr	1 600	400	400	400	400
51	Hellemyra – opprusting	300	300			
52	Eikelandssosen helsesenter	800	800			
70	Trafikksikring vegar	2 300	800	500	500	500
80	Opprusting vegar jf. hovudplan	6 300	3 300	1 000	1 000	1 000
90	Adr. og vegskilting H.dalen/søre Fusa	150	150			
100	E-kommune – digitale tenester	14 500	4 000	3 500	3 500	3 500
101	Elektronisk arkiv – slutføring	60	60			
102	Telefonsentral/telefonisystem Fusa komm.	500	500			
110	Læremiddel og IKT skule/barnehage	2 400	600	600	600	600
120	Digitalisering av kart	1 200	300	300	300	300
130	Leikeplassar/uteområde skule/bhg	750	300	150	150	150
134	Universell utforming Søre Fusa skule	150	150			
180	Oppgradering kommunale bygg etter utgreiing	14 000	5 000	3 000	3 000	3 000
182	Investering i skulebygg	61 000	1 000	30 000	30 000	
200	Tiltak/oppgr. bygg/anlegg kyrkjesektor – overføring til Fusa sokn	1 800	450	450	450	450
202	Opprusting av skulebibliotek	250	250			
203	Kommunedelplan akvakultur	500	500			
220	Områdeplan Eikelandssosen	1 500	1 000	500		
225	Industriomr. Heiane – oppfølging arealplan	500	500			
228	Tilrettelegging av bustadområde	2 000	500	500	500	500
230	Vidareutvikling av E.osen sentrum	100	100			
240	Fleirbrukshall/idrettshall	70 200	58 700	11 500		
243	Turveg Skjelbreid-Eikelandssosen	200	200			
261	Brannstasjon	4 500	3 000	1 500		
270	Ombygging FBBS	10 000	10 000			
400	Tiltak 4.1 bustadsosial plan	5 500	500	5 000		
405	Utleigebustader flyktningar	12 000	12 000			
999	Eigenkapitalinnskott KLP – overført frå driftsbudsj.	3 600	900	900	900	900
1701	Velferdsteknologi	1 633	1 633			
1702	Oppgradering ressursstyringssystem	200	200			
1703	Matrikkelprosjekt	600	600			
	Park Strandvik	350	350			
	Delregulering arealplan	800	200	200	200	200
	Detaljregulering Sævareid sentrum	150	150			
	*Utviding Stallabrotvegen (frå FV48 til Idrettshallen)					
	*Asfaltering av veg og ny p-plass v/gravplass Baldersheim					
	*Utviding av veg Tveitamarka ind.område mot Samnøy					
	*Veg/gangveg til gravplass på Åkre og p-plass til kyrkja					
	*Trafikksikring ved Fusa skule					
	Samla investering eks. startlån	233 443	114 443	62 000	43 500	13 500
998	Startlån	15 000	0	5 000	5 000	5 000
	MVA grunnlag	206 043	97 093	58 650	40 150	10 150
	Finansiering					
	Refusjon av mva	-41 209	-19 419	-11 730	-8 030	-2 030
	Ekstern finansiering	-45 500	-28 400	-8 550	-8 550	-
	Eigenkapital og unytta lånemidlar	-23 000	-23 000			
	Overført frå driftsbudsj. til eigenkapitalinnskott KLP	-3 600	-900	-900	-900	-900
	Sum finansiert	-113 309	-71 719	-21 180	-17 480	-2 930
	Lånebehov	120 134	42 724	40 820	26 020	10 570

Endringar i formannskapet 28.11.2016 med raud skrift. Prosjekt merkte med raudt *står førebels utan nærare tidfesting og beløp.

KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSPROSJEKTA

Nr.	Prosjekt	Bestillar	Utførar
20	Hovudplan avlaup: Utbygging i samsvar med prioritering i hovudplan avlaup.	Teknisk drift	Teknisk drift
30	Hovudplan vatn: Utbygging i samsvar med prioritering i hovudplan vatn.	Teknisk drift	Teknisk drift
33	Søre Fusa oppvekstsenter – ny snuplass bussar, reguleringsplan: Løyvinga går til ferdiggjering av plan og bygging av ny snuplass/av- og påstigingslomme for bussar i samsvar med ny reguleringsplan for Baldersheim.	Teknisk drift	Teknisk drift
50	Pleie- og omsorg og Helse, familie og velferd – diverse utstyr: Innbu og utstyr i PLO og HFV (FBBS, avlastingsbustader).	PLO + HFV	PLO + HFV
51	Div. opprusting Hellemyra: Hellemyra bufellesskap treng oppgradering og tilrettelegging: Nytt golvbelegg på fellesareal, ny kjøkkeninnreiing, fjerna vegg mellom stove og kjøkken, personalgarderobe i eksisterande bygg.	PLO	Teknisk drift
52	Eikelandsosen helsesenter: Utbygging for å sikra universell utforming. Utbetringa er sett på vent i påvente av avgjerd i kommunestyret i desember 2016 om evt. flytting av helsesenteret. Investeringsbehovet vil vera ca kr 800 000 dersom ein vel utbygging ved eksisterande helsesenter.	HFV – Lege	Teknisk drift
70	Trafikksikring: Skal brukast til tiltak i samsvar med trafikksikringsplanen.	Teknisk drift	Teknisk drift
80	Opprusting vegar jf. hovudplan: Ny prioritering må gjerast politisk. Viktig tiltak vil vera Stallabrotvegen frå omlegginga ved fleirbrukshallen og ned til fv 48. Vegen til Eidestøa er også eit aktuelt tiltak, jf. eiga sak.	Teknisk drift	Teknisk drift
90	Adresse og vegskilting Hålandsdalen og søre del av Fusa: Prosjektet vil ikkje vera heilt ferdig til nyttår. Det meste av kontorarbeidet er gjort, men det står att å setja opp skilt. Dette arbeidet vert sett ut på anbod.	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO + Teknisk drift
100	E-kommune – digitale tenester: Det er ein del teknisk utstyr som må fornyast og skiftast ut som t.d. brannmur og nettverksutstyr, og det må investerast i noko ny programvare for å effektivisera tenestene. I tillegg til å oppdatera og fornya utstyr, er mykje av arbeidet knytt til å innarbeida gode strukturar og overvakingssystem. Det vil letta det daglege arbeidet og gjera at ein kan vera føre var med tanke på potensiell driftsstogg. Det er behov for kjøp av ekstern kompetanse i dette arbeidet.	SaøkSe	SaøkSe
102	Telefonsentral/telefonisystem Fusa kommune: Telefonsentralen må oppgraderast/skiftast. Arbeidet vert gjort i samråd med Os kommune slik at telefonsystema i Fusa og Os kan koplast saman frå 2020.	SaøkSe	SaøkSe
110	Læremiddel og IKT skule/barnehage: Rammeplanen for barnehagar seier at bruk av IKT skal vera ein del av det allmennpedagogiske tilbodet for å vera ein utjamnande faktor for barn. I kunnskapsløftet er bruk av IKT formulert som ei grunnleggjande ferdigheit på lik line med lesing, skriving og rekning. Skulane har enno ikkje tilfredsstillande utstyr for å kunna jobba systematisk med denne grunnleggjande dugleiken, og treng å investera i utstyr i åra som kjem.	Barnehage + Undervisning	Barnehage + Undervisning

Nr.	Prosjekt	Bestillar	Utførar
120	Digitalisering av kart: Arbeidet med digitalisering av kart gjev betre tenester til publikum og betre verktøy for administrasjonen. Planarkivet er på det næraste fullført, og reguleringsplanane kan no visast direkte på kartet https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/ . I 2017 vil ein halda fram med å gjera tenester meir tilgjengelege digitalt og å forenkla arbeid med digitale løysingar, t.d. papirlause kartforretningar.	SaøkSe – PBO	SaøkSe – PBO
130	Leikeplassar – uteområde barnehagar/skular: Desse midlane skal nyttast til opprusting av kommunale leikeplassar ved skule/barnehage. I 2016 vart det utarbeidd ein rapport av Leikeplasskontrollen AS som peika på mange avvik på leikeplassane på skular og barnehagar. Nokre av dei var så kritiske at dei måtte utbetrast straks (ved demontering). Det er trong for ei generell opprusting av alle leikeplassane, og rapporten er eit godt utgangspunkt for prioritering.	Barnehage + Undervisning	Barnehage + Undervisning
134	Universell utforming Søre Fusa oppv. – skulen: Tilrettelegging for funksjonshemma elev (lydisolering, takheis, elektriske dører).	Under-visning	Underv. + Tekn. drift
180	Oppgradering kommunale bygg etter utgreiing: Tiltak i samsvar med vedlikehaldsplanen, m.a.: - FBBS: Ny heis – det er klart for byggestart januar 2017 - FBBS: Asfaltdekke rømningsveggar - FBBS: Utbetring kontorlokale og gangareal - Baldersheim helsetun: Rehabilitering	PLO, HFV, Undervisning, Barnehage	Teknisk drift
182	Investering i skulebygg: I rev.budsjett 22.09.2016 vart kr 0,5 mill øyremerkt forprosjekt rehabilitering og evt. nybygg Fusa ungdomsskule. Det kjem eiga sak om dette. Vedtak i formannskapet 28.09.2016 (F-sak 069/2016) bad òg administrasjonen om å vurdere behov på Nore Fusa skule: Der er det trong for generell oppussing og vedlikehald.	Undervisning	Teknisk drift
200	Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor: Kommunalt tilskot, eks. mva. Fusa sokneråd prioriterer etter eigen plan, sjå kap. V-4.	Fusa sokn	Fusa sokn
202	Opprusting av skulebibliotek: Titaket vert delfinansiert med kr 100 000 frå HFK med søknadsfrist 01.12.2016. I følgje bibliotekplanen skal satsinga på skulebibliotek følgjast opp med eit siste år med oppgradering av folkebiblioteket. Iflg. planen skulle det setjast av kr 200 000 i 2015. Arbeidet med skulebibliotek har teke noko lenger tid og vert avslutta i 2016. Det ligg difor til rette for ei satsing på folkebiblioteket i 2017. Folkebiblioteket treng m.a. utskifting av hyllemateriellet, m.a. for å ivareta HMT ved stadig flytting av reolar ved fleirbruk av lokala. Prosjekt Modellbibliotek fokuserer òg på at biblioteka skal oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova med biblioteket som møteplass og arena for kulturopplevingar, og å møta utfordringane som følgje av at samlingane vert meir digitale. I Fusa er det òg aktuelt å sjå på betre tilrettelegging av lokala for kulturarrangement med m.a. lyssetting. Som ei oppfølging av skulebibliotekprosjektet bør vi òg sjå på samarbeidsformer m.a. som følgje av auka privatisering av grunnskulen. Eit anna godt argument for å ta dette løftet no, er å rusta opp biblioteket for å sikra framtida som ein veldreven filial i ein ny og større kommune.	Undervisning	SaøkSe – Kultur

Nr.	Prosjekt	Bestillar	Utførar
203	<p>Kommunedelplan akvakultur:</p> <p>Planprogrammet til kommunedelplanen er sendt ut på høyring. Det var sett av kr 300 000 til dette arbeidet i 2016, men det er utført med eigne ressursar så langt. Utarbeiding av sjølve planen er planlagt gjennomført i løpet av 2017 med endeleg vedtak på nyåret 2018. Det er behov for å kjøpa ekstern kompetanse til råd og rettleiing i prosessen og for å teikna karta.</p>	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO
220	<p>Områdeplan Eikelandsosen:</p> <p>I praksis vil det ikkje bli formell oppstart av dette prosjektet før i 2017. Dvs at ein først må vedta planprogrammet og at ein vil komma eit godt stykke med sjølve planen i 2017. Planutvalet har gjort ei grov avgrensing av planområdet. Innanfor dette ligg det to reguleringsplanar som òg må reviderast: Leiro og Todlaneset. Eksakte grenser vil koma i samband med oppstartsvedtak/planprogram. I tillegg er det stilt krav frå Fylkesmannen om at det må lagast reguleringsplan for skuleområdet. Revidert reguleringsplan for Leiro hastar å få på plass; også her ligg det krav frå Fylkesmannen. I tillegg er det planar for utbygging på den delen som ligg på Neset, også dette krev revidering av reguleringsplanen. Arbeidet med områdeplan og reguleringsplanar kan gjerast samtidig, men det er viktig at ein får med seg hovudintensjonane i områdeplanen inn i arbeidet med reguleringsplanar. Arbeidet med områdeplan og reguleringsplan(ar) vert definert som eit felles prosjeke, då det vil vera gjensidig påverknad.</p>	SaØkSe	SaØkSe – PBO
225	<p>Industriområde Heiane – oppfølging arealplan:</p> <p>I den nye arealplanen er det teke inn utviding av industriområdet på Eikelandsheiane. Kommunen har for tida ikkje ledig industriareal. Det er difor svært viktig å koma i gang med regulering av deler av det området som er vist i arealplanen. Det er eit privat initiativ for deler av området, men Fusa kommune treng midlar til si planlegging, eller tiltak for å få aktivitet i området.</p>	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO
228	<p>Tilrettelegging av bustadområde – oppfølging arealplan:</p> <p>I ny arealplan er det sett av ein god del nye område til bustadbygging. Det er òg nokre ferdig regulerede bustadområde som ikkje har blitt utbygd, men det minkar på byggeklare tomter i deler av kommunen. Fusa kommune har ikkje fasttømra politikk for korleis kommunen skal utvikla bustadområde. I stor grad er det private som har stått for utbygging dei siste åra. Dersom ein skal få fart på bustadbygginga, trengst det felles innsats både frå Fusa kommune, grunneigarar og utbyggjarar. Det må lagast ein bustadpolitisk strategi, slik at ein kan få ei god retning på dette arbeidet. Det må difor lagast ei sak på dette våren 2017. Det vert sett av ein post på investeringsbudsjettet, slik at kommunestyret har midlar til å følgja opp ein bustadpolitisk strategi, anten det er til reguleringsarbeid, investering i infrastruktur eller anna.</p>	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO
230	<p>Vidareutvikling av Eikelandsosen sentrum:</p> <p>Dei næringsdrivande på Leiro har starta eit prosjekt der dei ønskjer å gjera Leiro/Neset meir tiltalende både for fastbuande og tilreisande. Det gjeld betre vedlikehald av fellesområde, rydding av skog m.m. Fusa kommune har ikkje midlar på driftsbudsjettet til å vera med på dette prosjektet. Det bør difor setjast av midlar på investering, slik at ein kan følgja opp dei tiltak andre næringsdrivande er med på å delfinansiera. Når reguleringsplanen for Leiro er ferdig, må ein vurdere om det er trong for større innsats.</p>	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO + Teknisk drift

Nr.	Prosjekt	Bestillar	Utfører
240	Fleirbrukshall/idrettshall: Bygging av fleirbrukshall, jf. vedtak i k-sak 027/14. Prosjektet tek opp i seg omlegging av Stallabrotvegen og annan teknisk infrastruktur i området, som står ferdig hausten 2016. Bygget har vore på anbod hausten 2016. I tillegg har ein fått ein opsjon på bygging av klatrehall på 187 m ² som er innarbeidd i prosjektet og investeringsbudsjettet for 2017 og 2018. Samla ny kostnad er kr 70,2 mill. Sjå meir detaljert informasjon i ekstra k-sak om fleirbrukshall.	SaøkSe – Kultur	Teknisk drift
243	Turveg Skjelbreid-Eikelandsosen: Det er lagt inn kr 200 000 til dette tiltaket. Idrettslaga i Hålandsdalen og Eikelandsosen har tatt initiativ til å løysa dette som eit nærmiljøtiltak i regi av idretten og i samarbeid med grunneigarane. Dei kan i større grad utløysa eksterne tilskot.	Teknisk drift + SaøkSe – Kultur	Teknisk drift
261	Brannstasjon i Eikelandsosen: Ny kunnskap om stor kreftfare for brannmannskap og spesielt røykdykkarane, krev bygningsmessige tiltak for best mogleg førebygging: Vaske- og tørkerom for utstyr og vernebekledning. I tillegg må vi ha garasje til first responder-bil. Dette tiltaket er ferdig planlagt; det trengst prisjustering av budsjettet (kr 2,0 mill i 2016 og kr 2,0 mill i 2017) dersom dette alternativet vert vedteke. Dersom det vert bygd ny stasjon på Eikelandsheiane, vil kostnaden bli kr 12 mill. Det vert lagt fram eiga sak om brannstasjon.	Teknisk drift – Brann /redning	Teknisk drift
270	Ombygging FBBS: Ombygging/påbygging av nordfløy.	PLO	Teknisk drift
400	Tiltak 4.1 bustadsosial plan: Gjeld Bjellandsvegen 8-10 (bufellesskap Neset 1 og Torsneset). Bufellesskapa vert bygd saman med eit felles areal. Forprosjektering i 2017, bygging i 2018.	HFV, PLO	Teknisk drift
405	Utleiebustadar flyktningar – bustadsosial plan: Byggja/kjøpa fire leilegheiter. Jf. K-styrevedtak 13.10.2016 pluss justert oppmoding frå IMDi.	HFV	Teknisk drift
998	Startlån: Kommunestyret har gjort vedtak om å ta i bruk ordninga med startlån. Dette er eit formidlingslån, der Fusa kommune låner vidare ut innlånte midlar frå Husbanken. Låneopptaket inneber ei forskottering av renter og avdrag, og ein tapsrisiko. Ikkje behov for låneopptak i 2017 pga liten pågang.	HFV	
999	KLP eigenkapitalinnskot: Iflg. regelverket skal desse kostnadane finansierast med driftsmidlar.	SaøkSe – Øk.	SaøkSe – Øk.
1701	Velferdsteknologi Pleie og omsorg – forprosjekt		
1702	Oppgradering ressursstyringssystem: M.a. turnusprogram Pleie og omsorg m.fl.		
1703	Matrikkelprosjekt: Fusa kommune har eit stort etterslep på mellombels kartforretning. Det vart tidlegare (1995-2007) gjort kartforretningar som ein tok inn gebyr for, men som ikkje er fullført. Kartverket har gjennom matrikkeltilsyn gitt Fusa kommune pålegg om at arbeidet må fullførast, og har til hensikt å følgja pålegget opp gjennom Fylkesmannen. Alternativt engasjerer då FM nokon til å gjera jobben, og Fusa kommune må betala. Vi har ved fleire høve fått utsett frist, første gong i 2013. Fusa kommune vil få meir utført om vi engasjerer nokon til å gjera dette sjølv. Med innleigd hjelp og eigne ressursar vil vi kunna løysa dette.	SaøkSe – Øk.	SaøkSe – Øk.
	Park i Strandvik: Det er lagt inn kr 350 000 i 2017 til dette tiltaket.		
	Delregulering arealplan: Det er lagt inn kr 200 000 årleg, dvs. kr 800 000 totalt, til tiltaket. Naustdel, bustaddel og kjerneområde landbruk skal inngå.		
	Detaljregulering Sævareid sentrum: Det er lagt inn kr 150 000 i 2017 til dette tiltaket.		

	*Utviding Stallabrotvegen (frå FV48 til Idrettshallen): Prosjektet ligg ikkje inne med beløp eller tidfesting.		
	*Asfaltering av veg og ny p-plass v/gravplass Baldersheim: Prosjektet ligg ikkje inne med beløp eller tidfesting.		
	*Utviding av vegTveitamarka industriområde mot Samnøy: Prosjektet ligg ikkje inne med beløp eller tidfesting.		
	*Veg/gangveg til gravplass på Åkre og p-plass til kyrkja: Prosjektet ligg ikkje inne med beløp eller tidfesting.		
	*Trafikksikring ved Fusa skule: Prosjektet ligg ikkje inne med beløp eller tidfesting.		

VI. ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 (Heile 1000 kr)

Ein tek utgangspunkt i 3,5% avdrag av netto lånegjeld og rente på 2,1 %, jf. rådmannen sitt budsjettsnotat. Følgjande økonomiplan vert vedteken:

Hovudoversikt drift	R-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Brukerbetalingar	-11 774	-12 352	-11 980	-12 196	-12 196	-12 196
Andre sals- og leigeinntekter	-17 239	-18 584	-18 835	-18 835	-18 835	-18 835
Overføringar med krav til motyting	-54 807	-28 133	-27 023	-27 023	-27 023	-27 023
Rammetilskot	-124 639	-128 134	-131 647	-124 177	-124 177	-124 177
Andre statlege overføringar	-8 392	-10 830	-22 045	-22 017	-21 989	-21 961
Andre overføringar	-2 169	-100	-100	-100	-100	-100
Skatt på inntekt og formue	-95 487	-100 799	-105 248	-105 248	-105 248	-105 248
Eigedomsskatt	-13 459	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230
Andre direkte og indirekte skattar	-507	0	0	0	0	0
SUM DRIFTSINTEKTER (B)	-328 471	-313 162	-331 108	-323 826	-323 798	-323 770
Lønsutgifter	181 478	183 339	190 558	191 540	191 540	191 540
Sosiale utgifter	48 756	51 402	53 129	53 444	53 444	53 444
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	42 572	38 283	41 534	41 694	41 694	41 694
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	20 881	8 980	14 361	14 361	14 361	14 361
Overføringar	25 287	14 604	14 881	14 881	14 881	14 881
Avskrivningar	13 954	0	15 000	15 000	15 000	15 000
Fordelte utgifter	-6 456	-4 272	-4 893	-4 893	-4 893	-4 893
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	326 472	292 336	324 571	326 028	326 028	326 028
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-1 999	-20 825	-6 537	2 202	2 230	2 258
Renteinntekter, utbyte og eigaruttak	-855	-100	-100	-100	-100	-100
Mottekne avdrag på utlån	-171	0	0	0	0	0
SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER (E)	-1 027	-100	-100	-100	-100	-100
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 633	5 608	5 924	6 525	6 920	6 951
Tap på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	9 876	9 729	11 722	11 674	15 357	17 828
Utlån	41	0	0	0	0	0
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	14 549	15 337	17 646	18 199	22 277	24 779
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	13 523	15 237	17 546	18 099	22 177	24 679
Motpost avskrivningar	-13 954	0	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	-2 431	-5 588	-3 991	5 301	9 407	11 937
Bruk av disposisjonsfond	-980	-403	0	-3 662	0	0
Bruk av bundne fond	-1 208	0	-1 303	-1 303	-1 303	-1 303
SUM BRUK AV AVSETNINGAR (J)	-2 188	-403	-1 303	-4 964	-1 303	-1 303
Overført til investeringsrekneskapen	0	843	900	900	900	900
Avsetningar til disposisjonsfond	494	4 486	3 662	0	0	0
Avsetningar til bundne fond	1 139	663	732	732	732	732
SUM AVSETNINGAR (K)	1 632	5 992	5 294	1 632	1 632	1 632
REKNESKAPSMESSIG MEIR- /MINDREFORBRUK (L = I+J-K)	-2 986	1	0	1 969	9 736	12 266